



Norconsult As Avd Bergen  
Postboks 1199 Sentrum  
5811 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3930 - 23/38977

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:  
26.05.2023

## Tilbakemelding på planinitiativ Meland golf og resort

Viser til mottatt planinitiativ for detaljreguleringsplan for Meland golf og resort, mottatt 11.05.2023.

Etter ein gjennomgang av planinitiativet er det sett at det er naudsynt med mindre justeringar på delar av initiativet.

### Plassering av fritidsbustadar/bustadar/hotell:

Det er i liten grad vist til eventuell plassering av bebyggelse i området. Det er sett at det er sendt inn eit innspel til kommuneplanens arealdel som er under arbeid per dags dato. I dette innspelet er det lagt inn omtrentleg plassering. Om det er denne plasseringa som er tenkt, burde dette innlemmast i planinitiativet.

### Stadsanalyse:

Stadsanalysa består av tre kart, med gode teiknforklaringar. Analysa manglar derimot ei meir utfyllande skildring. Kva ligg i dei mange arkeologiske lokalitetane som vist i figur 6? Har de gjort dykk opp nokon tankar knytt til aktsemdsområda for flaum i og i nærleiken til planområdet jf. figur 7? Kan ein i denne fasen utbrodere meir om det statlege sikra friluftsområde som er vist til i figur 5? Eventuelt med meir.

Vi ber om at det vert utarbeida ei skildring til stadsanalysa.

### Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar:

Vurderinga av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar vert vurdert til å ikkje vere fullstendig. De har gjort ei kort vurdering, og administrasjonen er einig i konklusjonen så langt. Vurderinga som er gjort er ei vurdering i frå forskrift om konsekvensutredningar § 6.

Administrasjonen ved Alver kommune ønskjer at ein i tillegg til denne vurderinga gjer ei vurdering ut frå §§ 7 og 8, slik som § 4 viser til. Ved vurderinga av forskrift om konsekvensutredningar § 8, må ein vurdere dette ved hjelp av kriteria som er opplista i § 10. Vi ber om at dette vert framstilt på ein organisert måte, som gjer vurderingane, og konklusjonane lettleslege.

Ved å ha gjennomført ei fullstendig vurdering av om planen vert omfatta av forskrifta om konsekvensutredningar §§ 6, 7 og 8, vil ein ha eit heilskapleg blikk på kva som trengst konsekvensutgreiast.

Vegen vidare:

Det er avtalt å halde eit møte i veke 23, der møteagendaen hovudsakleg går på å diskutere vidare planprosess. Tidspunkt for oppstartsmøte er ikkje endå fastsett, men vi ber om at revidert planinitiativ vert sendt inn i god tid før oppstartsmøte (minst to veker før).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Ole Martin Bolset  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Norconsult AS v/ Torhild Wiklund                      Postboks 1199 Sentrum                      5811                      BERGEN

**Mottakarar:**

Norconsult As Avd Bergen                      Postboks 1199 Sentrum                      5811                      BERGEN